

HAUSTRUG PAA MYRJORD

Av myrkonsulent *Hans Hagerup.*



VED Det Norske Myrselskaps Forsøksstasjon paa Mæresmyra har haustrug vore dyrka i fleire aar paa smaa parseller. Det er ikkje dreve samanliknande forsøk, berre ein rugsort er dyrka, nærmast for aa sjaa korleis han vilde gaa. Kornavlingen fraa desse parsellar er for ein del aar kontrollera, og om ikkje resultatet har vore serleg storarta, so har det likevel vore so bra at det skulde vera grunn til aa taka til med meire systematiske forsøk med haustrug paa myrjord. I dei år han er dyrka her er det alltid paa kalkrik grasmyr feltet har lege.

Ruglandet er kvar haust gjødsla med 20—30 kg. superfosfat (eller 40 kg. tomasfosfat), 20—25 kg. 40 % kalisalt (eller 37 %), dessutan 7—8 lass hus-

dyrgjødsel, alt pr. dekar. Om vaaren er gjeve overgjødsling med salpeter fraa 0—20 kg. alt ettsom myra har vore godt eller daarleg molda.

Saainga er som regel utført i midten av august; berre eit aar — 1919 — vart ikkje saadd fyre 21. august. Trønderrug er bruka dei fleste aar, i 1923 er avlingen av Petkuser. Saamengda 16 kg. pr. dekar.

Bløminga av rugen har falle millom 25. juni og 12. juli i dei aar det fyreligg avlingstal, og haustinga har gaatt for seg i tida 18. august (1920) til 4. sept. (1923).

Kornavlingen for dei enkelte aar stiller seg slik:

1918:	200	kg.	pr.	dekar.
1919:	201	»	—»—	
1920:	188	»	—»—	
1922:	181	»	—»—	
1923:	160	»	—»—	
1924:	135	»	—»—	

Medeltal: 161 kg. pr. dekar.




Fig. 1. *Haustrug paa Mæresmyra 1919.*

Avlingane er ikkje store. Han vil ofte legja seg tidleg so fråinga vert daarleg. Kvaliteten av rugen har vore jamt bra dei fleste aar. I seine aar, som 1921 og 1923, var han ikkje fulgodt moge. Noko sværande tidleg til skur har rugen ikkje vore, so i seine aar har han vorte noko skadd av frost.

Ei gjødslingsforsøk til haustrug vart tillagt i 1921, 1922 syner avlingsresultatet. Eit aars resultat kann sjølvsagt berre gje oss ein liten peikepinn om gjødslinga, og daa vi ikkje har resultat fraa fleire aar, skal vi referera utfallet.

Tabel 1 syner baade gjødsling og avling. Dei er stigande mengder av super og kalisalt, utan salpeter og med 15 kg. salpeter pr. dekar. Myrjorda som feltet vart lagt paa var opdyrka for 11 aar i fyrevegen og var soleis ganske godt molda. Salpetergjødsla vart gjeve for aa sjaa om det var noko utslag for denne.

Dei enkelte resultat skal ikkje nærmare omtalast, men berre peike paa at 20 kg. superfosfat og 30 kg. 40 % kalisalt (utan husdyrgjødsel) har gjeve beste resultat, med 20 kg. kalisalt har kornavlingen vorte 44 kg. mindre. Salpetergjødslinga har ikkje vist seg turvande i dette tilfelle. Denne gjorde at det vart meire legde enn der salpeter ikkje var bruka, og derav mindre avling. Der det ikkje er gjeve mineralgjødsel, har salpeter auka korn- og halmavling, veksten har her vore mindre kraftig.

Tab. I. *Avlingstal fraa eit forsøk med ulik gjødsling til haustrug aaret 1922.*

Mineralgjødsling pr. dekar	Kg. korn pr. dekar		Kg. halm pr. dekar		Medeltal med og utan salpeter	
	Med 15 kg. salpeter	Utan salpeter	Med 15 kg. salpeter	Utan salpeter	Korn	Halm
o. Utan mineralgjødsling	74	60	246	200	67	223
I. 10 kg. superfosfat 10 » kalisalt (40 %)	97	97	323	323	97	423
II. 20 kg. superfosfat 20 » kalisalt	120	144	400	476	132	438
III. 30 kg. superfosfat 30 » kalisalt	157	171	523	569	164	546
IV. 20 kg. superfosfat 30 » kalisalt	171	181	569	599	176	584

Som fyrr nemt burde meire systematiske forsøk med haustrug vore fyreteke ved Forsøksstasjonen; men tida for saainga av denne vil anten falla under høyberging eller kornskurd, og daa han her som regel maa takast paa ompløyd vold, vil det falla vanskeleg aa faa til vidare forsøk med haustrug.

FORENINGEN AF JYDSKE TØRVEFABRIKANTER

25 års jubileum.

Utdrag av «Mosen».

I anledning av at «Foreningen af Jydske Tørvefabrikanter» hadde bestått i 25 år, innbød foreningen til et møte i Aarhus 10. november 1925.

Efterat en del innre anliggender var besørget, åpnedes det egentlige *jubileumsmøte*, der hadde samlet omkring 60 deltagere, og formannen, torvfabrikant *Fr. Henriksen* ønsket velkommen, idet han bl. a. uttalte, at foruten den ytre anledning, som jubileet ga, ønsket foreningen å benytte denne leilighet til å markere det standpunkt, der er nådd gjennom de forløpne 25 års arbeide og fastslå, at den gren av samfundsproduksjonen, foreningen er interessert i, stadig lever og har sin leveberettigelse såvelsom stadig sine oppgaver. Foreningen ønsker å trekke linjene op for hvad der i den nærmeste fremtid skal være målet for myreienes bestrebelser, idet man må innrømme, at målet, myrenes fulde utnyttelse, ennu er langt borte. I den anledning har